


På kyrkjebakken

Redaksjonsnemnd:

A. R. Hauge, B. D. Bodker, B. Haukanes, F.M. Ervik, S. Aadland



AKTUELT MED BARNEDÅP?

Til dykk som nett har fått eit lite barn – ta kontakt med kyrkjekontoret om de ynskjer at barnet skal døypast i ei av kyrkjene våre. Så vil de få tilsendt informasjon og påmeldingsskjema.

Tidlegare fekk kyrkjekontoret informasjon frå sjukehuset når ein av kyrkjemedlemene våre hadde fått eit barn. Etter at det tok slutt, har me kunna finna desse borna som «tilhøyrande» i kyrkjeregisteret vårt. No er det også slutt på at dei kjem inn der. Me kan difor ikkje få sendt ut informasjon om dåp før foreldra sjølv tek kontakt.

Gå gjerne inn og les om dåp og sjå på aktuelle dåpssøndagar på



heimesidene våre. (Sjå under) Der finn du dåpen under «kyrkjelege handlingar» i stikkordslina under bildestripa på toppen av sida.

Velkomne med borna til dåp!



KOMPISLEIR

På Kompisleir er det kjekt! I helga har rundt 20 born som går på Kompis herja i gymsalen, bada i bassenget, laga heile 580 bollar, overnatta på ungdomsskulen, førebudd gudsteneste til søndagen med bl.a. dramastykke, lesing og song... På biletet over framfører dei ein rapp av bibelverset Joh. 3.16, og på biletet ved sida av er det godt humør rundt bordet på ungdomsskulen.



Frå kyrkjeboka



Døypete

7.10.

Almira Dagg Grønsdal

16.10.

Andor Langhelle

21.10.

Filip Langeland

FORELDREKURSET 0-10 ÅR

Er du klar for å investera meir i familien?



Du skaffer deg eit lite barn. Du vil barnet sitt beste.

Du skaffer deg ein liten hundekvalp. Melder deg sjølvsagt på kvalpekurs. Kvifor?



Kvifor gå på foreldrekurs?

- Barn kjem ikkje med brukarrettlegg.
- Foreldrerolla er den viktigaste rolla me tek på oss i livet.
- Familielivet er i dag under press.
- Foreldre møter forvirrande mange råd om korleis ein skal oppdra barn.
- Å oppdaga at me ikkje er åleine med utfordringane me møter, men i staden få idear frå andre foreldre, kan utgjera ein forskjell.

Tema på kurset

- Byggja sterke fundament
- Møta borna sine behov
- Setja effektive grenser
- Læra sunne relasjonar
- Vidareføra dei verdiane du synest er viktige.

Påmelding fortløpande til:

gullborg@aaagaard.in. Om nok påmelde, vert det oppstart i dag 25.okt. på Biblioteket på Bjørkheim. For meir info, sjå kyrkja si heimeside.

UTDELING AV 4-ÅRSBOK



Den 23.sept. var det fullsett kyrkje på Haga. Det var Søndagsskulens dag, med utdeling av 4-årsbok.

HAUSTTAKKEFEST



30.sept. var det Hausttakkefest.

Denne dagen hadde 9-åringane pynta kyrkja på Haga med blomar, grønsaker og frukt, og etter gudstenesta fekk me smaka på alt det gode til kyrkjekaffi.